


► Feltlogg - Marint naturmangfald


1 Feltlogg for kartlegging av marint naturmangfald

I samband med detalregulering for Mel reinseanlegg i Nordfjordeid, Stad kommune, har Norconsult utført kartlegging av marint naturmangfald innanfor føreslått planavgrensing den 9. august 2024. Kartlegginga blei utført visuelt ved hjelp av ein ROV (Blueeye) langs fleire transektar innanfor plangrensa, samt i eitt område utanfor plangrensa. Kartlagde område er vist i figur 1.



Figur 1: Oversikt over kartlagde transektar i planområdet (nr. 1-10) og ROV-dropp i influensområdet (nr. 11) for Mel reinseanlegg, Nordfjordeid, Stad kommune.

Det var delvis opphaldsvêr og byger med regn under feltarbeidet. Vasstanden til sjøen ved Nordjordeid den 9. august er vist i figur 2.



Figur 2: Tidevassgraf for Nordfjordeid den 9. august (kjelde: Kartverket).

Vasstanden (sjøkartnull) var 79 cm ved full fjære kl. 8: 40, 210 cm ved full flo kl. 14:40, og 99 cm ved full fjære kl. 20:40. Rapporterte djupner i føreliggande feltlogg er innmålt av ROV og ikkje korrigert for sjøkartnull.

1.1 Transekt 1

ROV-transekt frå ca. 1 - 6 m djupne. Videoopptak frå kl. 11:00 - 11:08.





Foto: Transekt 1	Observasjonar: Transekt 1
  	Filma sjødjupne: Ca. 1 – 6 m. Sjøbotn: Lysegrå fin sand med innslag av større steinar. Steinfylling i enden av transekten ved strandsona. Observerte artar: • Kvite bakteriematter ved ca. 6 m (bilde A). • Tang (bilde A og C). • Sjøstjerne (vanlig korstroll) (bilde B). • Tårnsnegl (bilde C). (fortsetter under)

Foto: Transekt 1





Observasjonar: Transekt 1

- Ålegras:
 - Spreidde plantar frå ca. 3 - 4,5 m med middels til mykje påvekst av lurv (bilde D, E og F).
 - Flekkvis tett eng ved ca. 3 m med mykje påvekst av lurv (bilde G).
 - Spreidde plantar frå ca. 2 - 3 m, påvekst av lurv.
 - Ingen observasjonar ved djup <2 m.
- Kutling
- Flyndrefisk (art ikkje synleg)

(fortsetter under)

Foto: Transekt 1



Observasjonar: Transekt 1

- Teppe av filamentøse algar på botnen ved ca. 3,8 m (bilde H og I).
- Store stimar med fiskeyngel i ålegraset ved ca. 2,5 m (bilde G).
- Førekomstar av blæretang ved ca. 2 m med mykje påvekst av lurv (bilde H).
- Sjøpung ved ca. 2 m.
- Filamentøse algar på hardbotn ved ca. 2 m og oppover (bilde I).
- Fleire individ av større fisk.

1.2 Transekt 2

ROV-transekt frå ca. 0,2 - 1,7 m djupne. Videoopptak frå kl. 11:13 - 11:19.



Foto: Transekt 2	Observasjonar: Transekt 2
A  B  C 	Filma sjødjupne: Ca. 0,2 - 1,7 m. Sjøbotn: Lysegrå fin sand med innslag av større steinar. Steinfylling i enden av transekten ved strandsona. Observerte artar: • Teppe av filamentøse algar på botnen ved ca. 1,4 - 1,6 m (bilde A-C). • Ålegras: ○ Nokre få spreidde plantar ved ca. 1,7 m (bilde A og B) med middels påvekst av lurv. ○ Ingen observasjonar ved djup <1,7 m. • Fiskeyngel (bilde C). (fortsetter under)


Foto: Transekt 2



Observasjonar: Transekt 2

- Større fisk (sjå bilde) (bilde D og E).
- Aukande mengde med blæretang frå ca. 1,6 m og innover mot strandsona - minst påvekst av lurv midtvegs i transektet ved ca. 1,5 m (bilde F) og mest lurv nærmast strandsona ved ca. 0,6 m (bilde G og H).

(fortsetter under)

Foto: Transekt 2		Observasjonar: Transekt 2
G  Djupne: 1 m	H  Djupne: 1 m	Fleire individ av leppefisk (bilde G)

1.3 Transekt 3

ROV-transekt frå ca. 0,8 - 2 m djupne. Videoopptak frå kl. 11:24 - 11:33.


Foto: Transekt 3		Observasjonar: Transekt 3
A 		Filma sjødjupne: Ca. 0,8 - 2 m. Sjøbotn: Lysegrå fin sand med innslag av større steinar. Steinfylling i enden av transekten ved strandsona. Observerte artar: • Ålegras: ○ Flekkvis tett eng frå ca. 1,9 – 2 m med middels påvekst av lurv (bilde A, B, C). ○ Spreidde plantar frå ca. 1,6 - 1,9 m med lite til middels påvekst av lurv (bilde F). ○ Ingen observasjonar ved djup <1,6 m. • Fiskeyngel (bilde B). (fortsetter under)
B 	C 	

Foto: Transekt 3	Observasjonar: Transekt 3
 D Djupne: 1,8 m  E Djupne: 1,8 m  F Djupne: 1,8 m	• Fleire individ av leppefisk (bilde E, F, G). • Filamentøse algar i ulike fargar på større steinar (bilde D, E, F, G). • Aukande mengde med blæretang frå ca. 1,8 m og innover mot strandsona med påvekst av lurv. Mest lurv ved ca. 1,8 m (bilde E og F) og minst lurv nærmast strandsona ved < 1 m (bilde H). (fortsetter under)

Foto: Transekt 3

Observasjonar: Transekt 3



1.4 Transekt 4

ROV-transekt frå ca. 1,1 – 2,2 m djupne. Videoopptak frå kl.11.42 – 11:54.


Foto: Transekt 4		Observasjonar: Transekt 4
A  Temperature: 18.1 °C Heading: 286° Camera: -10° Depth: 1.1 m B  Djupne: 1,4 m C  Djupne: 1,8 m		Filma sjødjupne: Ca. 1,1 – 2,2 m. Sjøbotn: Lysegrå fin sand og grus med innslag av større steinar. Steinfylling i enden av transeken ved strandsona. Ein del finstoff i sedimenta blei observert då ROV-en støyte i botn (partikkelsky). Observerte artar: • Flekkvise førekomstar av blæretang med påvekst av lurv (bilde A). • Fleire individ av leppefisk (bilde A). • Filamentøse algar på botnen (bilde A, C, D, E, G, H). • Ålegras: ○ Spreidde plantar i starten av transektet ved ca. 1,7 (bilde C og D) med middels påvekst av lurv. ○ Flekkvis tett eng frå ca. midten av transektet ved ca. 1,8 - 2,2 m (bilde E, F og H) med lite til middels påvekst av lurv. (fortsetter under)



Foto: Transekt 4



Observasjonar: Transekt 4

(fortsetter under)

Foto: Transekt 4



Observasjonar: Transekt 4

- Fleire individ av leppefisk (bilde G)
- mykje fiskeyngel (bilde H)

1.5 Transekt 5

ROV-transekt frå ca. 1,9 - 2,5 m djupne. Videoopptak frå kl.12.05 – 12:13.




Foto: Transekt 5		Observasjonar: Transekt 5
A  B  C 		Filma sjødjupne: Ca. 1,9 - 2,5 m. Merknad: Mykje finpartiklar i sjøen under filmopptaket, spesielt i første halvdel av transektet. Sjøbotn: Lysegrå fin sand og grus med innslag av større steinar. Observerte artar: • Ålegras: ○ Tett til flekkvis tett eng starten av transektet ved ca. 2,5 m (bilde A, B, C) med mykje påvekst av lurv. ○ Spreidde plantar ved ca. 2,3 m (ca. siste halvdel av transektet) med lite til middels påvekst av lurv (bilde D). ○ Ingen observerte plantar i siste del av transektet ved < 2 m (bilde E og F). • Fiskeyngel (bilde A, B, C). • Fleire individ av leppefisk. (fortsetter under)

Foto: Transekt 5



Observasjonar: Transekt 5

- Flekkvise førekomstar av blæretang med påvekst av lurv (bilde E og F).
- Fleire individ av leppefisk.
- Teppe av filamentøse algar på botnen (bilde D og E).
- Kutling.

1.6 Transekt 6

ROV-transekt frå ca. 1,2 - 2,8 m djupne. Videoopptak frå kl.12.19 – 12:24.

Foto: Transekt 6	Observasjonar: Transekt 6
A B	Filma sjødjupne: Ca. 1,2 - 2,8 m. Sjøbotn: Lysegrå fin sand og grus med innslag av større steinar. Observerte artar: • Flekkvise førekomstar av blæretang med påvekst av lurv (bilde A og B). • Teppe av filamentøse algar på botnen (bilde A og B). • Ålegras: ○ Spreidde plantar ved ca. 1,8 - 2,1 m (litt etter starten av transektet) med lite påvekst av lurv (bilde B). ○ Tett til flekkvis tett eng frå ca. 1,7 - 2,8 m (frå ca. midten og ut resten av transektet) med lite til middels påvekst av lurv (bilde C, D, E). (fortsetter under)

Foto: Transekt 6




Observasjonar: Transekt 6

- Mykje fiskeyngel (bilde D).

(fortsetter under)

Foto: Transekt 6



Observasjonar: Transekt 6

1.7 Transekt 7

ROV-transekt frå ca. 2,5 - 2,6 m djupne. Videoopptak frå kl. 13:32 – 13:45.


Foto: Transekt 7	Observasjonar: Transekt 7
A  B 	Filma sjødjupne: Ca. 2,5 - 2,6 m. Sjøbotn: Sand og grus med innslag av større steinar. Observerte artar: • Flekkvise førekomstar av blæretang med middels til lite påvekst av lurv (bilde A og B). • Mykje fiskeyngel (bilde A, B, C). • Teppe av filamentøse algar på botnen (bilde A og B). • Fleire individ av leppefisk. (fortsetter under)

Foto: Transekt 7



Observasjonar: Transekt 7

- Ålegras:
 - Ingen plantar observert i første halvdel av transektet.
 - Spreidde plantar ved ca. 2,4 m djup ca. midtvegs i transektet med lite påvekst av lurv (bilde C).
 - Flekkvis tett eng ved ca. siste fjerdedel av transektet med middels påvekst av lurv (bilde D).

1.8 Transekt 8

ROV-transekt frå ca. 0,1 - 1,7 m djupne. Videoopptak frå kl. 18:14 – 18:19.

Foto: Transekt 8	Observasjonar: Transekt 8
A  Temperature: 17.7 °C Heading: 272° Camera: -14° Depth: 1.7 m B  Temperature: 17.7 °C Heading: 240° Camera: 14° Depth: 1.2 m	Filma sjødjupne: Ca. 0,1 - 1,7 m. Merknad: Mykje finpartiklar i sjøen under filmopptaket, spesielt i første halvdel av transektet. Sjøbotn: Sand og grus med innslag av større steinar. Ballasthaug i enden av transektet (bilde B). Observerte artar: • Flekkvise førekomstar av blæretang med middels til lite påvekst av lurv (bilde A og B). • Mykje yngel (bilde B). • Teppe av filamentøse algar på botnen (bilde A og B). • Fleire individ av leppefisk.

1.9 Transekt 9

ROV-transekt frå ca. 2,1 – 8,1 m djupne. Videoopptak frå kl. 18:23 – 18:30.

Foto: Transekt 9	Observasjonar: Transekt 9
A  Temperature: 17.7 °C Heading: 199° Camera: -15° Depth: 1.9 m B  Temperature: 17.7 °C Heading: 209° Camera: -15° Depth: 2.3 m	Filma sjødjupne: Ca. 2,1 – 8,1 m. Merknad: Mykje finpartiklar i sjøen under filmopptaket, spesielt i første halvdel av transektet (bilde A). Mykje slam på sjøbotnen, spesielt ved ca. > 3 m djupne (bilde D). Sjøbotn: Sand og grus med innslag av større steinar. Observerte artar: • Mykje yngel (bilde A, B og C). • Ålegras: ○ Flekkvis tett eng litt etter starten av transektet med middels til mykje påvekst av lurv (bilde A, B, C) frå ca. 2 – 3,3 m. ○ Spreidde plantar med mykje påvekst ved ca. 3,3 m (bilde D). ○ Ingen observerte plantar ved djupne > 3,3 m. • Fleire individ av leppefisk (bilde B). (fortsetter under)

Foto: Transekt 9

Observasjonar: Transekt 9



(fortsetter under)





Foto: Transekt 9



Observasjonar: Transekt 9

- Flekkvise kvite bakteriemattter ved ca. 5 m, og større heildekkande område med kvite bakteriematter ved ca. 5,5 - 8,1 m i enden av transektet (bilde E).

1.10 Transekt 10

ROV-transekt frå ca. 0,5 - 1,9 m djupne. Videoopptak frå kl. 18:46 – 18:53.

Foto: Transekt 10	Observasjonar: Transekt 10
A  B 	Filma sjødjupne: Ca. 0,5 - 1,9 m. Merknad: Mykje finpartiklar i sjøen under filmopptaket, spesielt i første halvdel av transektet. Sjøbotn: Mykje slam og lurv på sjøbotnen. Observerte artar: • Ålegras: ○ Flekkvis tett til tett eng med mykje påvekst av lurv, litt etter starten av transektet og gjennom heile transektet (bilde A, B, C) frå ca 1,5 - 1,9 m. • Fleire individ av kutling (bilde B). • Sjøstjerne (vanlig korstroll). (fortsetter under)



Foto: Transekt 10



Observasjonar: Transekt 10

1.11 ROV-dropp 11

ROV-dropp ned til ca. 12 m. Videoopptak frå kl. 12:30 – 12:34.

Foto: Transekt 10		Observasjonar: Transekt 10
A  Temperature: 16.0 °C Heading: 176° Camera: -30° Depth: 12.0 m B  C 		Filma sjødjupne: Ca. 12 m. Sjøbotn: Fin lysegrå sand med ein del finstoff. Observerte artar: • Fleire sjøstjerner (vanlig korstroll) (bilde B). • Enkelte små flekkar med kvitt bakteriebelegg (bilde C). • Teikn til gravande organismar.